



Verneplan for skog



Høyring av forslag om vern av Liabygda naturreservat i Stranda kommune

Høyringsfrist 10.01.2020

Framsida: Gammel furu i Øvre Ansok, Stranda kommune (Foto: Fylkesmannen i Møre og Romsdal).

E-postadresse:
fmmrpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Postboks 2520
6404 Molde

Besøksadresse:
Julsundvegen 9

Telefon: 71 25 84 00
www.fylkesmannen.no/mr

Org.nr. 974 764 067





Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for natur-mangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. Per februar 2019 var omlag 4,8 % av skogarealet og ca. 3,6 % av den produktive skogen vernet i Norge. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyrast og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenoppretta innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*»..

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha betydeleg positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil Miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbudet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no. Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigarar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigarar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

Tilbodet

Fylkesmannen fekk tilbod om området for frivillig skogvern ved Liabygda med eit areal på 144 dekar på eigendomen gnr. 5 bnr. 2 i Stranda kommune. Tilbodet kom frå ALLSKOG SA den 01.07.2019.

Det er gjennomført ei kvalitetssikring av miljøkvalitetane i området. Kartlegging av naturtypane er gjennomført av Dag Holtan i 2009 og 2010. Fylkesmannen har takka ja til tilbodet om igangsetting av verneplanprosess ved Liabygda naturreservat den 08.07.2019.

ALLSKOG har taksert skogen i tilbodet, og forhandla fram erstatningsavtale med Staten sin skogsakkunnig. Området vil ikkje bli tilrådd vern før avtalen om erstatning er signert.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget. § 37 i naturmangfaldlova har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,



- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

Saksbehandling

Naturfaglege registreringar

Skogen tilbydd for frivillig vern er delt i to område – Ansok øvre som består av gammel furuskog verdisatt til svært viktig (A verdi; nasjonalt viktig ***), og Liabygda: Rørene har kalkskog av svært viktig verdi (A verdi; nasjonalt viktig ***). Lokalitetane er kartlagt i 2009 og 2010 av Dag Holtan.

Ansok øvre

Dette område inneheld ein stor, intakt og samanhengande gammel kystfuruskog (F0802) der somme delområde kan seiast å vere urskogsnaere, og samstundes ein av dei eldste intakte furuskogane på Sunnmøre. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Berggrunnen har sure og harde gneisar, men òg utfellingar av kalkspatmarmor (omdanna feltspat) nede mot gardesvegen i aust, som gjer austre del meir lågurtprega. Elles er vegetasjonstypene ein blanding mellom blåbærskog og røsslyngskog på knausar. Øvst er det òg innslag av fattige myrsøkk. Treslag som bjørk, furu, gran, gråor, hassel, hegg, morell, rogn, rognasal, osp og selje finn vi her, med særleg grove dimensjonar for furu og osp med tverrmål på over 100 cm (opp til 120 cm målt) på furutrær. Daud ved er eit nøkkelelement i skogen i form av læger og ein del grove gaddar.

Floraen i lågurtfuruskogen er artar som hengjeaks, liljekonvall, lundgrønaks, lækjeveronika, markjordbær, sanikkel, skogburkne, skogfiol og sumphaukeskjegg (i rikare sig). Typiske gammalskogsartar som furustokkjuke og gulrandkjuke vart funne. Fuglar som raudstjert og gråspett vart funne hekkande truleg saman med kvitryggspett og tretåspett. Skogen er også del av leveområde for storfugl.

Området har vore beita i lang tid, med lågare frekvens dei seinare åra. Delområde i dei nedre delane av lokaliteten er også tydeleg beiteprega, med engvegetasjon. Truleg grunna langvarig beitepåverknad er det bra med søyleeiner, som kan vere opp mot 10 m høge og kring 25 cm i tverrmål. Spor etter gammel plukkhogst finn ein mange stader, med enkelte parti som òg kan seiast å bere preg av attgroing med ungskog. I nedre delen går det ei lav kraftline ut til gardane. Dette er ein svært gammel naturskog, med fleire delområde som kan seiast å vere urskogsnaere. Trugslar om naturverdiane er gran som spreier seg frå plantefelt i aust.



Liabygda: Rørene

Her har vi eit intakt naturskogsmiljø i ei uforstyrra utvikling, med fleire raudlisteartar i høgare kategori. Lokaliteten ligg på vestsida av elva ved Liabygda, under Brauta. Avgrensinga gjeld ein svært bratt furuskog, som stekk seg frå fjorden og opp mot platået ved Brauta. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonssesjon (O1). Berggrunnen har sure gneisar, men òg rikare utfellingar av kalkspatmarmor (omdanna feltspat).

Skogtypen førast til kalkskog med utforminga tørr kalkfuruskog (F0301). Vegetasjonstypen er tørkeutsett og stadvis rik lågurtvegetasjon, med innslag av røsslyng-mjølhbærknausar på bratte, konvekse ryggar. Her er utanom furu treslag som gråor, hassel, hengjebjørk, morell, osp, rogn, rognasal og selje. Daudvedaspektet er måteleg godt utvikla, med ein del gadd og læger særleg mot vest. I denne delen er det også vekselfuktig og mineralrik rasmark med mykje strø.

Artsmangfald av planter kan nemnast bergmynte, blåknapp, bråtestorr, hengjeaks, kransmynte, liljekonvall, lundgrønaks (i vest), lækjeveronika, markjordbær, myske (i vest), raudflangre, skogfiol, skogsalat, skogsvinerot, smørbukk, svarterteknapp og tiriltunge. Raudlista soppar var fagervokssopp (EN), franskbrødsopp (NT, talrik), furugråkjuke (VU), glattstorpigg (NT), lurvesøtpigg (NT), raudtupsopp (NT) og rosaskiveslørsopp (NT). Her bør heilt klart finnast fleire raudlisteartar, ikkje minst då berre eitt besøk er altfor lite til å seie noko fornuftig om denne organismegruppa. Andre interessante artar var blomkålsopp, blåbrunpigg, duftvokssopp, gyllen slørsopp, liten sotgråhatt, skarp rustbrunpigg og svovelslørsopp.

Utanom spreidde spor etter gammal plukkhogst i dei minst bratte delane av lokaliteten, ser det ut til at den har unngått alle former for negativ påverknad over lang tid. I dag er dette ein gammal naturskog i fin utvikling. Begge lokaliteten utgjør viktige delar av dei unike og reliktprega furuskogane som strekkjer seg samanhengande over om lag 25 km, frå Stordalsholmen i nord til Fjørå i sør, på solsida av Storfjorden i kommunane Stordal, Stranda og Norddal.

Oppstartsmelding

Fylkesmannen sende ut oppstartsmelding om oppstart av verneplanprosessen for naturreservat i Liabygda til fleire aktuelle interessepartar i brev av 28.08.2019. Innspel til planarbeidet var på høyring fram til 28.09.2019.

Vi fekk tre innspel til verneplanprosessen lista opp under:

1. Stranda kommune vurderer verneplanprosess i forhold til rullering av arealdel i kommuneplanen. Dei opplyser at område tilstøytane føreslått verneområdet er det lagt inn forslag til område for fritidsbustadar. Stranda kommune meiner ein bør avgrense føreslått verneområdet då dei ser behov for framtidig utviding av det nye området for fritidsbustadar.

Vidare er det føreslått verneområde heilt inn til FV650, Gravanoesvegen. Dette meiner kommunen er uheldig dersom ein kjem i ein situasjon der vegen må utbetrast.

Det er også spelt inn at det må vere mogleg å etablere eit nytt kraftverk i Ringsetelva utan at dette kjem i konflikt med eit eventuelt skogvern.

Administrasjonen i Stranda kommune rår på grunnlag av dette at Fylkesmannen har ein tett dialog med Stranda kommune i denne saka.



Stranda kommune spel inn at dei vurderer verneplanprosessen i forhold til skogbruk og det etter gjeldande PEFC sertifisering for norske skogselskap, ikkje er lovleg å omsetje tømmer frå naturtype Svært viktig (A). Dermed er ikkje tømmer av ein viss storleik salbart til sagbruka, ei heller for eige bruk eller sal, med ei bindingstid på minst 10 år. Etter den informasjon kommunen sit inne med har bruk nr. 5/2 nettopp sertifisert skogen sin etter PEFC. Med mindre det skjer reversering av sertifiseringskrava vert det ikkje råd å drive moderne skogbruk i framtida på desse areala som har klassifisering naturtype A svært viktig (boreal gammal skog).

2. Grunneigarar på Lied og Ringset har spelt inn at dei vil ha oversikt over dei raudlista artane av høgare kategori det visast til i oppstartsmeldinga, då dei berre kan sjå registreringar av ein art i kategorien VU (sårbar).

Vidare presiserer dei at tilgrensande areal for verneområde har store tømmerverdiar, og eit vern må ikkje medføre ulemper for skogsdrift på naboareal, t.d. behov for skogsveg gjennom verneområde. Dei meiner aktuelle trasear for framtidige skogsvegar som må krysse verneområdet må teiknast inn i kart.

Grunneigarane drøftar å søkje konsesjon for etablering av kraftproduksjon i Ringsetelva, med eit potensiale for produksjon av 5 – 6 GWh. Ei utbygging vil kunne påverke naturmiljøet langs elvekanten, noko som strid i mot verneforma i NML «...forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet.»

Vidare spelar grunneigarane inn at eit vern må ikkje vere til hinder for vidare etablering av fritidsbustader i området.

3. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) uttalde at dei ikkje hadde mottatt oppstartsmelding til tross for at dei står på mottakarlista. NVE etterlyser Stranda Energi AS som høyringsinstans. NVE meiner begge delområda kjem i konflikt med distribusjonsnettet eigd av Stranda Energi AS, da ei kraftlinje kryssar området Ansok øvre og mest sannsynleg ligg området Liabygda: Rørene innanfor ryddebeltet til kraftlinja. Dei ser at dette må bli ivaretatt i forskrift for vern. NVE melder at det er gjennomført ei digital kartlegging av potensiale for vasskraft i Ringsetelva frå kote 238 og til sjøen med anslagsvis 6,3 GWh. NVE kjenner ikkje til interesse for å bygge ut.

Fylkesmannen si vurdering av innspel

1. Stranda kommune sin kommunedelplan er i prosess. Om det skulle regulerast inn områder for fritidsbustadar på naboteigane til området tilbudd vern, er ikkje dette i konflikt med kvarandre. Eit eventuelt verneområde med verneforskrift vil berre gjelde for område innanfor avgrensinga og ikkje påverke omkringliggende områder. Når det gjeld FV650, Gravanavesvegen, er tilbudd område for vern over tunellen og ikkje i kantsone til sjølve vegtraseen, slik at det vil ikkje vere i konflikt ved eit eventuelt vern å utbetre vegtraseen. Forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå vernereglane dersom tryggleikssyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser krev dette, jf. NML § 48.

Fylkesmannen vil halde eit opent folkemøte ved Liabygda Ungdomshus den 25. november kl 1800 for å imøtekomme ønske om eit tett dialog med kommunen og andre interessepartar.



Ønsker Stranda kommune eit eiga møte for å sjå på saksbehandlinga, er dei velkomne til å innkalle til eit møte, gjerne i samband med folkemøtet.

2. Raudlista i Noreg er ei liste over artar gruppert og rangert i kategoriar etter kor høg risiko det er for at arten skal døy ut, om ikkje tiltak vert iverksett. Kriteria for vurdering av artane er basert på Den Internasjonale naturvernunionen (IUCN) sine retningslinjer. Artane i denne lista opplev enten ei kraftig reduksjon i talt individ eller er allereie få individ, kor tap av leveområde er ein overhengande fare. Når ein art kjem på raudlista står det ikkje bra til med utviklinga av artens utbreiing. Kategoriane for raudlista artar er RE (regionalt utdøydd) – CR (kritisk trua) – EN (trua) – VU (sårbar) – NT (nær trua) – DD (datamangel) – LC (livskraftig).. Raudlista reviderast med jamne mellomrom, og ein «ny art» for raudlista i kategori NT kan vere i ein like kritisk utvikling som ein art i kategorien VU, arten er berre ikkje kome like langt i den negative utviklinga. Det er difor viktig å også sjå på livsmiljøet og grad av utryddingsfare for naturtypen artar som er «nær trua» (NT) finns i, og det er hensiktsmessig å overvake artar som er «nær trua» (NT), som med dagens utvikling vil bli sårbar, trua eller kritisk trua, om i ikkje utviklinga endrast no.

I dette tilfelle er eit større område skog kartlagt og vurdert, i fleire naturtypelokalitetar, med ei samla vurdering da det er funne raudlista vedbuande soppar i delar av skogen, med ikkje alle er påvist i alle delområda. Raudlista artar funne og registrert i området er til dømes *furugråkjuke* (VU), *raudtuppsopp* (NT), *tvillingslørsopp* (NT), *fagervokssopp* (EN), *franskbrødsopp* (NT), *glattstorpigg* (NT), *lurvesøtpigg* (NT), *raudtuppsopp* (NT) og *rosaskiveslørsopp* (NT). I naturtypelokaliteter tilgrensande dette tilbudet, *Ansok – Grova*, ei forlenging av skogen som nå er i verneplanprosess, finn vi eit mangfaldet av sjeldne og raudlista soppar, med artar som *beisk kastanjemusserong* (VU), *beisk storpigg* (VU), *blodflekakorallsopp* (NT), *blågrå vokssopp* (EN), *liten reddiksopp* (NT), *falsk brunskrubbb* (NT), *filtkjuke* (VU), *flammebrunpigg* (VU), *furufiltkjuke* (CR), *furufåresopp* (NT), *gul furuvokssopp* (NT), *knippesøtpigg* (NT), *koparraud slørsopp* (NT), *kremkjuke* (DD), *praktslørsopp* (NT), *rosenfotkremle* (NT), *sienamusserong* (EN), *spindelkjuke* (NT), *stor bananslørsopp* (NT), *storspora klubbesopp* (DD), *svartblå raudskivesopp* (NT), *svartsølvpigg* (NT) og *tyrikjoke* (NT). Potensielt bør her finnast ein del fleire, då andre raudlisteartar er funne i tilsvarande miljø i nærleiken. I tillegg kjem svært mange gode signalartar for tørr og rik furuskog, m.a. ein del interessante og sjeldne korallsoppar t.d. *Ramaria magnipes* og *R. rubrievanescens*. Naturtypen kalkfuruskog, kalk- og lågurtfuruskog, er ein raudlista naturtype (VU).

Blir området verna som naturreservat, gjeld verneforskrifta berre i område innanfor avgrensing, jamfør vernekart, og vil ikkje vere til hinder for verken skogbruk, hyttebygging eller vasskraftverk utanfor verneområdet. Slik Fylkesmannen vurderer topografien kring tilboda og tilgrensande planta skog, er det med slik topografi påkravd med vegplanleggingskompetanse for å kunne vurdere vegbehovet til skogsdrift. Ei totalvurdering av tilgrensande kommunale vegar og vurdering kring oppskrivning av desse, saman med mindre tiltak for åtkomst med tømmerbil, bør vere mogleg utanfor verneområdet.

3. Både Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) (org. nr.: 970205039) og Stranda Energi AS (org. nr.: 979951140) er på Fylkesmannen si adresselista og i vårt arkivsystem har begge status om at breva er opna av mottakar. Om dette skal sendast på ein alternativ måte til elektronisk sending til NVE og Stranda Energi AS, gje oss tilbakemelding om dette.

Vi ser det går ei kraftlinje gjennom delområde lengst nord (*Ansok Øvre*), og vil legge til rette med ei standard formulering for ryddebelte til kraftlinja i verneforskrifta. I andre delområde,



Liabygda: Rørene, går det ikkje fram av kart eller flyfoto at eit vern overlappar kraftlinje, men forskrifta gjeld begge områdene og vil derfor gjelde om det er etablert kraftlinje her også. Når det gjel vasskraft i Ringsetelva er ikkje dette innanfor eit eventuelt verneområde og vil ikkje komme i konflikt med verneforskrift.

Brukarinteresser

Det er stor interesse for næringsutvikling for fastbuande i Liabygda i form av vasskraft i Ringsetelva og fritidsbustader føreslått i kommunens rullerande arealdelplan. Samstundes har Stortinget har vedtatt eit mål å verne 10 % av skogen gjennom å ta vare på eit representativt utval av norske skogstypar. Naturtypane kartlagt i Liabygda består av store, intakt og uvanleg artsrike skogstypar. Naturtypen kalkfurskog, kalk- og lågurtfurskog, er ein raudlista naturtype (VU) som resultat av skogbruk/avverking og utbygging.

Avgrensing

Sjå vedlagt vernekart.

Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Fylkesmannen med dette verneframlegg på høyring. På bakgrunn av at det vert det gjennomført forhandlingar med grunneigar om erstatning, og at det vart semje om avgrensing og framlegg til forskrift, reknar vi med at det eventuelt blir mindre justeringar av forskriftene etter høyring.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Fylkesmannen, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet.

Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit forslag om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalane. Fylkesmannen får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Fylkesmannen om grensegang og merking.



Forslag til forskrift

FORSKRIFT OM VERN AV LIABYGDA NATURRESERVAT, STRANDA KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx xxxx med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med naturreservatet er å verne eit stort og variert skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur. Lokaliteten representerer fleire naturtypar med store verdiar knytt til gammal kalkfuruskog. Skogen er velutvikla og med fleire kravfulle artar.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.:
Stranda kommune 5/2.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 144 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart dagsett Klima- og miljødepartementet xx.xxxx. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Stranda kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre eller annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som for eksempel oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.



§ 4 Generelle unntak

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Beiting.
- c) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Vedlikehald og bruk av eksisterande jakttårn.
- e) Oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt.
- f) Fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt.
- g) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- h) Bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar og stiar er bruk av sykkel, hest og kjerre samt riding forbode.

§ 6 Generelle unntak frå reglane om ferdsel

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- eller forvaltingsoppgåver som er vedteke av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag.
- c) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- d) Gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade.
- e) Bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med godkjent forvaltingsplan.
- f) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- g) Oppføring av gjerde og samleanlegg for beite.
- h) Utsetjing av saltstein.
- i) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn nemnt i § 6 andre ledd b.
- j) Naudsynt motorferdsel for aktivitetar nemnt i § 7 b, c, d, g og h.



§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom tiltaket ikkje er i strid med vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleikssyn og omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10 Forvaltingsplan

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltningsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kva instans som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft straks.